

ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE I LÆRDAL KOMMUNE

1 Folkevald opplæring/ informasjon

Tidleg i kvar valperiode skal det haldast kurs for medlemmer av kommunestyre ("folkevald opplæring") i dei grunnleggande prinsipp for kommunal verksemd. Rådmannen er ansvarleg for å gjennomføra opplæringa.

2 Kommunale møte

Reglementet gjeld møte i kommunestyre, formannskap, forvaltningsutval og administrasjonsutval, heretter kalla folkevalde organ.

2.1 Møteplanar

- a) Ordføraren er ansvarleg for at det vert utarbeidd halvårlege møteplanar for møter i folkevalde organ.
- b) Fastsetjing av møte skal skje ut frå behov. Det skal takast omsyn til fri- og helgedagar. Juli månad skal som hovudregel vera fri for møte i folkevalde organ.
- c) Det kan haldast møte i tillegg til møteplanen dersom ekstraordinære tilhøve gjer dette naudsynt.
- d) Det kan haldast telefonmøte på vilkår som går fram av kommunelova.
- e) Møte i folkevalde organ skal som hovudregel haldast på dagtid. Møta kan haldast på kveldstid dersom leiaren finn det naudsynt. Andre kommunale møter bør leggest til folkevalde møtedagar.

2.2 Saksførehaving

- a) Rådmannen skal syte for at saker som skal opp i folkevalde organ, er førebudde på forsvarleg måte, slik det er kravd i lov, reglement og andre bindande føresegner, jfr kommunelova § 23 pkt 2.
- b) Ordføraren er ansvarleg for sakliste til formannskap, administrasjonsutval og kommunestyret. Leiarane for andre utval er ansvarlege for dette utvalet sine saklister. Rådmannen skal syte for at saklister med utgreiing/tilråding vert sendt til medlemmene i dei respektive folkevalde organ, og eit visst tal varamedlemmer, jfr c.
- c) Saklister til formannskap/kommunestyre med utgreiing/tilråding skal sendast til kommunestyret sine medlemmer.

Utsending til varamedlemmer skal sendast ut etter slik ordning:

2 varamedlem til lister som har 1- 3 medlemmer i det folkevalde organet.

3 varamedlemmer til lister som har 4 -6 medlemmer.

4 varamedlemmer til lister som har 7 eller fleire medlemmer

- d) Saklister til formannskap/kommunestyre med utgreiing/tilråding skal òg sendast til:
Distriktsrevisoren, leiaren i kontrollutvalet, leiarane i dei politiske partia, leiaren i Råd for eldre og funksjonshemma, leiaren i Ungdomsrådet, lokalpressa (Sogn Avis, NRK Sogn og Fjordane, Porten) og folkebiblioteket.

2.3 Saksdokument

- a) Saksdokumenter skal utsendast seinast åtte dagar for det kommunale møtet. Utsending av saker etter denne fristen skal berre skje i ekstraordinære tilfelle. Ordføraren/leiar avgjer om slik utsending kan finna stad.
- b) Hovudutskrift med sakstittel, saksnummer og vedtak/tilråding frå det folkevalde organ skal kunnigjerast for medlemmene i organet så snart som råd etter at dei er godkjende, i tillegg distriktsrevisoren, leiarane i dei politiske partia og lokalpressa.

2.4 Forfall

Valde medlemmer av kommunale folkevalde organ pliktar å delta i organet sine møte, med mindre det ligg føre gyldig forfall etter kommunelova §40. Forfall til kommunestyre og formannskap/administrasjonsutval skal meldast til servicesentralen.

Forfall må meldast snarast råd.

2.5 Møteprotokoll

Det skal førast møtebok over møte i folkevalde organ jfr. kommunelova §30 nr 3. Ansvar for tilfredstillande føring av møteboka ligg på leiaren av møtet. Det skal vere sekretær til stades på kommunestyremøta.

Møteprotokollen skal skrivast under av tre medlemmer som vert valde på møtet. Framside og kun dei møteprotokollark der vedtak/tilrådingar går fram skal underskrivast. Underskriving bør skje så snart som råd etter møtet.

2.6 Frammøteliste

Sekretæren for utvalet fører frammøteliste.

3 Arbeidsgodtgjersle

Godtgjersla etter dette reglementet er heimla i kommunelova § 42.

3.1 Ordførar

Ordføraren si faste årlege arbeidsgodtgjersle vert å fastsetja av kommunestyret. Det vert elles ikkje utbetalt arbeidsgodtgjersle til ordføraren etter dette reglement. Ordføraren får etterløn i 3 månader frå månadsskiftet etter at ordføraren går av. I etterlønperioden vil det vere naturleg at kommunen kan nytte avtroppa ordførar til erfaringsoverføring for nyvald leing.

3.2 Varaordførar

Varaordførar får ei fast årleg arbeidsgodtgjersle til svarande 10% av ordførargodtgjersla. Når varaordførar vikarierer for ordførar ved ferieavvikling o.l, skal vedkomande ha arbeidsgodtgjersle

tilsvarande ordførargodtgjersla. Det vert ved slike vikariat ikkje gjeve vederlag for tapt arbeidsfortjeneste.

3.3 Formannskap

Formannskapet sine medlemmer får arbeidsgodtgjersle tilsvarende 6,5 % av ordførargodtgjersla. Møtande varamedlemmer får ei arbeidsgodtgjersle tilsvarende 1,3 % av ordførargodtgjersla pr. møte. Har formannskapet meir enn 22 møter i året, vert det i tillegg ytt ei godtgjersle på 3 % pr. møte.

3.4 Gruppeleiarar

Gruppeleiarane får arbeidsgodtgjersle tilsvarende 1,5% av ordførarløna.

3.5 Kommunestyre

Møtande medlemer i kommunestyret får ei arbeidsgodtgjersle tilsvarende 1,3 % av ordførargodtgjersla pr. møte.

3.6 Kontrollutvalet, forvaltningsutval, tillitsvalde i administrasjonsutval

Leiaren i kontrollutvalet får fast arbeidsgodtgjersle tilsvarende 3 % av ordførargodtgjersla. Møtande medlemmer får ei arbeidsgodtgjersle tilsvarende 1,3 % av ordførargodtgjersla pr. møte.

3.7 Ad hoc-komitéar

Leiaren får ei godtgjersle på 3 % pr. møte og medlemmer ei godtgjersle på 1,3 % pr. møte.

3.8 Andre nemnder, utval, råd og styre

Leiaren av andre kommunale nemnder, utval, råd og styre valde av kommunestyret eller formannskapet får ei arbeidsgodtgjersle tilsvarende 1,3 % av ordførargodtgjersla pr. møte.

Andre medlemmer i slike organ får ei arbeidsgodtgjersle tilsvarende 0,8 % av ordførargodtgjersla.

3.9 Allmenne reglar

Folkevalde som tek imot fast årleg arbeidsgodtgjersle får ikkje godtgjersle for møte i formannskap, administrasjonsutval og forhandlingsutval, men får vanleg arbeidsgodtgjersle for møte i kommunestyret og andre utval/nemnder. Fråvær på meir enn 25% gjev reduksjon i den faste godtgjersla.

Varafolk som deltek ved handsaming av einskildsaker får halv arbeidsgodtgjersle. Møter som varer under 1 time inkludert reisetid vert ikkje godtgjort.

Arbeidsgodtgjersle skal reknast ut etter ordførargodtgjersla pr.1.1. Den faste arbeidsgodtgjersla vert utbetalt kvar månad. Arbeidsgodtgjersle pr. møte vert utbetalt på grunnlag av frammøte lister, jfr pkt. 2.6, etterskotsvis 1.7 og 31.12.

Møter/møtedagar og kurs som går ut over 7,5 time skal dekkast med ei halv godtgjersle ekstra.

4. Tappt arbeidsforteneste og vederlag for utgifter

Kommunelova seier at alle kommunale folkevalde har rett til erstatning for tap i ordinær inntekt som følgjer direkte av vervet.

Ein har og rett til vederlag for dei utgiftene ein har på grunn av vervet, t.d. utgifter til barnepass/vikarinnleige.

4.1 Kommunestyre, formannskap, forvaltningsutval, kontrollutval og administrasjonsutval.

Medlemmer av desse folkevalde organa skal ha slikt vederlag for tappt arbeidsforteneste for å ivareta kommunale verv:

- a) Folkevalde som får tap i arbeidsinntekt som følgje av kommunale verv, får dekkta tapet på grunnlag av attest frå arbeidsgjevar. Attesten skal innehalde dato og tal timar på faste skjemaer som vert utleverte.
- b) Sjølvstendig næringsdrivande får dekkta ein timesats tilsvarande 0,5 0/00 av ordførarløna. Tap av arbeidsinntekt/utgifter til vikar utover desse vert dekkta i den grad vedkomande kan legitimera dette, avgrensa opp til kr. 2.000,- pr dag. Tap av arbeidsinntekt kan dokumenterast med likningsattest, og vert då utrekna etter netto års inntekt (jordbruksinntekt/anna næringsinntekt) dividert med 240 dagar.
- c) Heimeverande, skuleelevar/studentar/pensjonistar og andre folkevalde utan lønsinntekt får dekkta ein timesats tilsvarande 0,3 ‰ av ordførarløna.

Utgifter utover dette til omsorgsvakt vert dekkta i den grad det kan legitimerast, avgrensa opp til kr. 1.500,- pr. dag.

4.2 Andre nemnder, styre råd og utval

I den grad det er påkrava for andre nemnder, styre, råd og utval å ha møte innanfor vanleg arbeidstid, skal medlemmene ha vederlag for tappt arbeidsforteneste som i pkt 4.1 .

For møte utanom vanleg arbeidstid vert tappt arbeidsinntekt og utlegg til vikar/omsorgsvakt dekkta i den grad dette kan legitimerast, likevel innanfor beløpsgrensene i pkt 4.1.

4.3 Møte, kurs o.l. innanfor og utanfor kommunen

Folkevalde som vert pålagde å delta på kurs/møte o.l. i og utanfor kommunen, får arbeidsgodtgjersle som pkt. 3.8 og 3.9, og vederlag for tappt arbeidsinntekt som i pkt 4.1 .

4.4 Allmenne reglar

Offentleg tilsette og andre som ikkje vert trekte i løn ved ivaretaking av kommunale verv, får ikkje vederlag for tappt arbeidsfortjeneste. Pensjonistar kan vurderast på line med grupper utan lønsinntekt under punkt 4.1 avhengig av pensjonisten sine daglege gjeremål.

Reisetid til /frå heim/arbeidsplass vert å rekna inn i medgått møtetid .

Krav om vederlag for tappt arbeidsinntekt skal sendast kommunen straks og vert å utbetala saman med kommunen sine ordinære lønsutbetalingar.

5. Skyss- og kostgodtgjersle

Folkevalde får skyssgodtgjersle for å ivareta kommunale verv etter staten sitt regulativ. Det er ein føresetnad at bruk av eigen bil er føremålstenleg etter ei samla vurdering av tid og kostnader.

Dersom den folkevalde har spesielle behov, funksjonshemmingar og i samband med dette utgifter som følgje av å stille på møte, skal dette dekkes etter framlagte bilag.

For møte i arbeidstida får folkevalde skyssgodtgjersle til/ frå arbeidsplass. Det vert ikkje gjeve kostgodtgjersle og nattiltegg for reiser innanfor kommunen. For reiser utanfor kommunen vert det gjeve godtgjersle etter gjeldande regulativ.

6. Pensjon

Ordføraren er med i pensjonsordninga for kommunalt tilsette.

7. Telefongodtgjersle

7.1 Mobiltelefon

Ordførar får disponera kommunal mobiltelefon.

8. Dei politiske partia

8.1 Møtelokale

Kommunalt eigde lokale som elles vert nytta som møterom står vederlagsfritt til rådvelde for dei politiske partia. Dette på vilkår av at lokala vert tinga på førehand .

8.2 Kopiering

Dei politiske partia får kopiera vederlagsfritt.

8.3 Partistønad

Kommunestyret gjev økonomisk stønad til dei politiske partia i høve til valgoppslutninga og statlege rundskriv.

9. Tvist

Tvist om tolking av dette reglementet vert å avgjera av formannskapet.